



I **STORFORM**: Det er storvegges å lytta til Leif Ove Andsnes sitt klaverspel. Når det i tillegg skjer saman med eit orkester som tydelegvis òg er i storform, vert den musikalske opplevinga storarta. FOTO: FESTSPILLENE

Briljant solist gav storarta oppleving

anmeldt / **KONSERT**

Festspela i Bergen
Grieghallen
Leif Ove Andsnes og Det norske kammerorkester
Verk av C.P.E. Bach, B. Sørensen, L. Janacek, W.A. Mozart

Det er storvegges å lytta til Leif Ove Andsnes sitt klaverspel. Når det i tillegg skjer saman med eit orkester som tydelegvis òg er i storform, vert den musikalske opplevinga storarta.

Serleg glede det publikum

som fylte Grieghallen til siste plass å lytta til Andsnes tolking av Mozarts Pianokonsert nr.24 i c-moll. Her er det ikkje berre musikken i seg sjølv som fell godt i øyra. Leif Ove Andsnes legg for dagen eit utruleg klart og tydeleg pianospel, til tider med fantastiske løp over tangentane både i første og siste satsen. Stikkord for Andsnes sitt spel i den rolege andresatsen er vart, varmt og vakkert. Med den markante finalesatsen sette den norske solisten eit mektig punktum for kveldens flotte konsert.

Tidlegare i programmet var Andsnes solist i Pianokonsert nr.2 av danske Bent Sørensen, der mu-

sikken skulle skildra oppvakainga til ein person frå søvn til vaken tilstand. Dette er moderne musikk ispedd ein del Bach-fragment, og Andsnes beherska både stilen og atmosfæren på ein glimrande måte.

Det norske kammerorkester med kunstnarisk leiar Terje Tonnesen i spissen imponerer. Dei starta konserten med Symfoni i e-moll av Carl Philip Emanuel Bach med eit flott driv og tydelege aksentueringar. I tillegg framførte dei Strykekvartett nr.1, den såkalla Kreuzer-sonata, av Leos Janacek.

Orkesteret imponerer med sitt utruleg samkjørte spel og klare intensjonar i deira framføring av denne musikken på overgangen frå tonal seinromantik til ein moderne ekspresjonistisk stil.

Andsnes måtte til med ekstranummer, ein vals av Chopin, nok ein gong vakkert levert. Men konserten starta med eit ekstranummer – songen «Solbønn» av Lasse Thoresen, sunge av Nordic Voices. Thorsen fekk onsdag Nordisk Råds Musikkpris for 2010.

John Solsvik



FESTSPILLENE
NORDISKE IMPULSER
I BERGEN

Noe typisk – og litt til

konsert **Festspillene**

Leif Ove Andsnes, klaver
Det Norske Kammerorkester
Festspillene
Grieghallen

Et blandet program

Er det et faresignal at man blir fristet til å bruke ordet «typisk» om et stykke samtidsmusikk, er det et tegn på at komponisten har funnet seg til rette i et særlig uttrykk, at rutinen lurer om hjørnet? Kanskje det. I alle fall var det noe veldig typisk over «La Mattina», danske Bent Sørensens klaverkonsert, som Leif Ove Andsnes og Det Norske Kammerorkester fremførte i Grieghallen i går. Det er noe velkjent, typisk sørensensisk over den musikalske strategien med å legge frem stumper av noe som minner om eldre musikk og dekke dem til med lag etter lag av duse orkesterklanger slik at man av og til glemmer dem inntil de plutselig bryter frem og forsvinner igjen.

Andsnes spilte den krevende klaverstemmen med upåklagelig teknikk og musikalsk nærvær, men fremførelsen hans kunne vel ikke helt skjule at det er

noe utydelig og formløst ved dette verket.

Det var enda mer samtidsmusikk på programmet, en liten overraskelse til og med: Lasse Thoresen hadde nettopp fått Nordisk Råds musikkpris 2010 for «Opus 42», et vokalverk i fire satser. Det ble feiret av Nordic Voices som ga en formidabel velklingende fremførelse av førstesatsen – et stykke musikk som opprinnelig var bestilt av Festspillene og som ble urfremført for to år siden.

Ellers var det et ganske blandet program kammerorkestret presenterte. Det startet med en symfoni signert Carl Philipp Emanuel Bach, et stykke musikalsk metervare, frisk spilt, uten omsvøp og uten større overraskelse. Da var det mer å hente i Terje Tønnesen transkripsjon for strykeorkester av Leo Janáček's stormfulle strykekvartett nr. 1 «Kreutzer-sonaten». Og til slutt kom Leif Ove Andsnes tilbake og satte tingene på plass med en robust og dramatisk versjon av Mozarts klaverkonsert nr. 24. Og da var ingen grunn til å bruke ordet «typisk».

PETER LARSEN

Mangfoldig artikulasjon

KONSERT

Verk av C. P. E. Bach, Bent Sørensen, Leos Janáček og W. A. Mozart

Det Norske Kammerorkester og Leif Ove Andsnes (klaver og gjesteleiar)
Terje Tønnesen (kunstnarleg leiar), Per Kristian Skälstad (dirigert)
Grieghallen
Festspillene i Bergen

Energi er eit nærliggjande omgrep i skildringa av Det Norske Kammerorkester. Under konserten deira under Festspillene i Bergen la dei vekt på å spela vidt ulike verk – og framføringa vart ein demonstrasjon i varierte verkemiddel, med høg intensitet og formidlingsevne.

Hjá 1700-talets Carl Philipp Emmanuel Bach sto dei eksplisitte fraseringar i fokus. Den spenstige symfonien i e-moll innleia konserten – i ei tolking som nok står eit stykke unna ensemble spesialiserte på tidlegmusikk, men som ikkje desto mindre var bilderikt tenkt, og let kvar enkelt gest i musikken bli teken til det ytste.

Spennet mellom dette stykket og nolevande Bent Sørensen sin pianokonsert «La Mattina» virka gigantisk. Mot Bach sine tydelege gestar kunne Sørensen-stykket like gjerne vore spelt bak eit forheng – dunkelt og mystisk som tussmørket – der musikarane til tider trødde ut av skuggen og openberra seg. «La Mattina» er like fullt av som initiativ som Bach-verket, men hinta er av annan karakter. Orkestret og solisten, Leif Ove Andsnes, får spela på historia, på kulturalar, på det menneskelege – gjennom svak nynning i orkestret, overraskande innslag av spanske kastanjetrymar, eller ekkoliktande klanglege overføringar mellom solist og ensemble.

Nok ein kontrast møtte me i overgangen til Leos Janáček sin ekspressive strykekvartett, arrangert for besetninga av Terje Tønnesen, og inspirert av eit stykke av forfattaren Leo Tolstói. Eit øydelagt ekteskap er tema og få av dei heftige kjenslene er forsøkt løynd i verket. Snarare rørte me oss mot det parodisk tydelege – og om konserten hadde eit problematisk punkt var det her, i den intense formidlinga som til tider gjekk ut over presisjonen og det truverdige i uttrykket.

Men kontrollen vann ensemblet attende i pianokonsert nr. 24 av Mozart. Andsnes synte nok ein gong sitt klårt artikulerte, elegante uttrykk – i fin dialog med ensemblet sine treblåsarar – og med det endå ein innfallsvinkel til det energisk formidlande.

Årets program under festspillene i Bergen er etter mi meining det mest konvensjonelle i tida med Per Boye Hansen som direktør. Med konsertar som denne er det likevel tydeleg at det som lett let seg selja ikkje treng gå på akkord med kvalitet – og interessant programmering.

IDA
HABBESTAD

